

Hordaland fylkeskommune  
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

6.januar 2017

## **FORVALTNINGSREVISJON – INNKJØP OG FORRETNINGSDRIFT I VIDAREGÅANDE SKULAR DEL II**

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet sak PS 144/2016 datert 20.12.2016, starta opp ein forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular del II i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med prosjektet er å kartlegge omfanget av forretningsdrift i dei vidaregåande skulane i Hordaland, undersøke om forretningsdrifta er innanfor regelverket og om fylkeskommunen har tilfredsstillande system og rutinar for forretningsdrift ved skulane.

Revisjonen vil nytte spørjeundersøking, dokumentanalyse og intervju for å få informasjon om både fylkeskommunen og skulane sitt arbeid innanfor det aktuelle området.

Vi ber om at fylkeskommunen peikar ut ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju.

Revisjonen ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen:

- Oversikt over alle dei vidaregåande skulane i Hordaland, inkludert kontaklinformasjon til rektorane (namn, e-post og telefon)
- Fylkeskommunen sine retningslinjer for forretningsdrift ved vidaregåande skular.

Vi ber om at vi får tilsendt dokumentasjonen innan **20. januar 2017**. Dersom nokre av dei etterspurte dokumenta ikkje eksisterer ber vi om at dette blir eksplisitt opplyst om i tilbakemeldinga.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Merete Solheim Larsen på tlf. 45850676, eller per e-post til [melarsen@deloitte.no](mailto:melarsen@deloitte.no)

Med venleg helsing  
Deloitte AS

Merete Solheim Larsen  
Prosjektleiar